

REFERAT FRÅ VÅRMØTE 2010, HOPP

- STAD/DATO** : Skei Hotell, 20.mai 2010
- TIL STADES** : Lars Brekke Vik IL, Alf Terje Glomnes Oppstryn IL, Jan Inge Årdal Jølster IL, Per Birger Lomheim Hafslo IL, Jon Kåre Blakset Vetten IL, Toralf Årøen Vetten IL, Gunnar Fannemel Hornindal IL
- REFERENT** : Gunnar Fannemel

SAKLISTE

- Sak 01** : Utvikling av rekrutteringsanlegg i hopp v/Anders Felde
- Sak 02** : Evaluering av sesongen 2009/2010
- Sak 03** : Rammer for terminlista 2010/2011
- Sak 04** : Breidde og rekruttering
- Sak 05** : Samarbeid med NTG/NSF
- Sak 06** : Økonomi
- Sak 07** : Evt

-
- Sak 01** : Anders Felde orienterte om utviklinga av rekrutteringsanlegget på Utvikfjellet.
- Her er det planlagt 3 hoppbakkar, K5, K10 og K20 i alpinanlegget. Finansiering og bygging samt drift av anlegget blei godt gjennomgått. Preparering er viktig. Bruk av alpinanleggets trakkemaskiner vil være avgjerande for å få til hoppklare bakkar. Kan maskinene brukast i tilløpet vil også det hjelpe. Det er og viktig med enkle trekkssystem.
- Sak 02** : Det er gjennomført SFE cupar rundt omkring i fylket. Grunna lite snø kom sesongen litt seint i gang, og det blei nokre avlysingar. Generelt meiner vi likevel å sjå ein positiv utvikling då fleire og fleire idrettslag tenkjer hopp som ein del av barneidrettskulane. Det er planlagt mindre skileikanlegg fleire plassar i fylket.
- Vestlandscupen blei gjennomført og med nye deltakarar frå Hordaland. Her sleit vi og med gjennomføringa og eit par renn blei flytta.

Sesongen har likevel vore positiv, særlig med tanke på våre hopparar som held til på Lillehammer. Vi har fleire gode plasseringar i Buff Norgescup. Stig Morten Fredheim var innom elite men måtte ned i NC A på vinteren. Marius Holen Nygård hoppa i NC B. Anders Fannemel blei utteken til World Cup på Lillehammer og fikk ein fantastisk 10.plass. I tillegg blei han Norgesmeister i junior stor bakke.

I RC deltok Brede og Lorentz Fannemel.

Sak 03

Terminlistearbeidet er allereie oppstarta. Vi forsøker å få til min to helger med deltaking frå heile vestlandet. Samkøyrer Stordal med Stryn og Vik med Voss.

Veten IL forsøker å få finne plass til min ei treningshelg, gjerne rett over nyttår.

Terminlisteansvarlege i år er Alf Terje Glomnes og Lars Brekke.

Sak 04

Skal hoppporten ikkje tape mot andre idrettar er det viktig med eit tilbod både sommar og vinter. Blir vinteren amputert og ein ikkje har andre tilbod misser ein ganske enkelt utøvarar. Det er difor viktig å gje "hopparane" eit tilbod heile året.

Norges Skiforbund arrangerer samling i Ørnskjøldsvik i juni. Neste år blir kanskje denne samlinga lagt til Norge då vi endeleg har fått eit komplett rekrutteringsanlegg i Midtstua, Oslo. Trondheim er også i ferd med å få til eit slikt anlegg.

Sak 05

Vi har dei siste åra etterlyst eit tilbod til dei som vil bli hopparar på vestlandet. Gjennom NTG har det blitt etablert eit visst samarbeid. I år prøver vi gjennom breddesatsinga til forbundet å få til eit opplegg med Jermund Lunder der vi legg min ei samling til vestlandet. I år har vi tenkt denne lagt til Stryn på sommarski. Hopparar frå vestlandsfylka samt Hedmark og Oppland blir innvitert.

Her oppmodar vi foreldre og trenarar å delta. Forbundet legg opp til eit program der vi skal få inn ein felles filosofi i treningsarbeidet og måten å utvikle hoppporten på i Norge.

Sak 06

Rekneskap pr. 31.12.09 blei gjennomgått. Det syner driftsinntekter på kr. 75.311,- driftsutg på kr. 69.161,- som gjev eit driftsoverskot på kr. 6.150,- Vi må jobbe for å vidareføre eller få inn nye sponsorar skal vi klare å utvikle oss vidare.

Sak 07

Evt./oppsummering

Mykje av diskusjonane vi har går på drifting og preparering av anlegga våre. Det er kostbart og krevjande å få til "hoppklare" bakkar. Vi slit på ildsjelene rundt omkring. Dei fleste anlegg med litt størrelse er i dag delvis drifta kommunalt eller med "ansatte" . I tillegg må det lagast/konstruerast løysingar som krev mindre ressursbruk for å klargjere bakkane. Eks

spormalar, tildekking av tilløp, bruka av trakkemaskiner der det er mogleg osv.

I tillegg må det byggast plastbakkar for bruk i deler av året vi ikkje har snø. Desse må leggst til der folk bur og ferdast, såkalla nærmiljøanlegg. Her fins det gode løysinger og hjelp å få både frå forbund og anleggseigarar som allereie har laga slike løsnings. Eit eksempel er Mølleråsen i Molde.

Til slutt må vi sørge for at vi får tileigna oss kompetanse slik at vi jobbar målretta og får resultat gjennom fornøgde utøvarar som presterer på eit nasjonalt nivå. Eks samarbeid forbund og team. (Lillehammer)